



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 21. mai 2018

Sak

2018/0097 Instedalen Skianlegg AS – org. nr. 912 841 723 - klage over vedtak om avvisning av søknad om kompensasjon for meirverdiavgift

Til stades: Vara for leiar Audgunn Syse, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Instedalen Skianlegg AS (klagar) søkte 29. august 2017 om kompensasjon for meirverdiavgift for rekneskapsåret 2016.

Lotteritilsynet avviste søknaden 29. september 2017, med den grunngjeving at eit aksjeselskap ikkje kan söke om meirverdiavgiftskompensasjon på sjølvstendig grunnlag, men må inngå som ein del av søknaden til eigar (sentralledd eller enkeltståande søker).

Klagar klaga på vedtaket 2. oktober 2017. Av klagen fylgjer blant anna:

"Søknaden om momskompensasjon vart også avvist for 2015 med grunngjeving om at vi då ikkje kom inn under ordninga fordi Naustdal kommune var ein av eigarane. Vi tenkte då at, om dette var ordna, kunne vi kome i posisjon for å få momskompensasjon. På det grunnlaget har Tambarskjelvar IL overteke aksjane til Naustdal kommune. Etter det såg vi på oss som ein einskildsökjar då vi har to eigarar (Tambarskjelvar IL og Instedalen krins) som både er frivillige organisasjonar. Det vart i avslaget for 2015 ikkje opplyst at aksjeselskap som er eigd av ein eller fleire friviljuge organisasjonar ikkje kan söke på sjølvstendig grunnlag. Såleis var vedtaket dykkar forvirrande for korleis vi skulle forhalde oss vidare. Vi kunne ikkje tolke vedtaket på annan måte enn at om Naustdal kommune ikkje lenger var aksjonær, kunne vi söke på nytt".

Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet vart teke i mot av Lotterinemnda 15. februar 2018.

Rettsleg grunnlag

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om kompensasjon for meirverdiavgift for frivillige organisasjonar.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Det går fram av forskriften § 5 tredje ledd at "Aksjeselskap som eies fullt ut av en eller flere organisasjoner, som alle kommer inn under første ledd, kan inngå som en del av søknadsgrunnlaget for et sentralledds eller enkeltstående søkeres søknad om merverdiavgiftskompensasjon, forutsatt at det kan dokumenteres at frivillig innsats er en viktig del av virksomheten i aksjeselskapet."

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysninger. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Instedalen Skianlegg AS si klage gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak 29. september 2017 om å avvise søknad om kompensasjon for meirverdiavgift.

I fylgje forskrifta § 5 tredje ledd kan aksjeselskap som er eigm fullt ut av ein eller fleire frivillige organisasjoner som kjem inn under ordninga, inngå som ein del av søknadsgrunnlaget til eigaren. Det vil seie at aksjeselskap ikkje kan söke på sjølvstendig grunnlag, men må inngå som ein del av søknaden til eigar (sentralledd eller enkeltståande søker).

Klagar har opplyst at Tambarskjelvar IL tok over alle aksjane i organisasjonen som fylgje av avslaget på klagar sin søknad om kompensasjon for meirverdiavgift i 2016 for rekneskapsåret 2015. Sidan klagar no er fullt ut eigm av Tambarskjelvar IL så oppfatta klagar det slik at dei kunne söke om kompensasjon for meirverdiavgift på sjølvstendig grunnlag i medhald av forskrifta § 5 tredje ledd.

Klagar sin søknad er ikkje i tråd med krava i forskrifta, då eit aksjeselskap ikkje kan söke på sjølvstendig grunnlag, men må vere ein del av søknadsgrunnlaget til sentralleddet eller enkeltståande søker. Lotterinemnda er einig med klagar i at dette kunne vore gjort tydelegare i Lotteritilsynet sine tidlegare vedtak overfor klagar. Som Lotteritilsynet leggjer Lotterinemnda likevel til grunn at klagar sjølv har ansvar for å setje seg inn i det regelverket ein søker om midlar frå. Forskrifta § 5 tredje ledd var også vist til i Lotteritilsynet sine vedtak under det rettslege grunnlaget.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfestat Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje

Dokumentet er godkjent elektronisk